

# **Vaksenopplæringa i Sula**

**Vedlikehald av kunnskap,  
læring og utvikling.**

- **Kommunikasjon**
- **Meistring**
- **Engasjement**
- **Glede og latter**
- **Sosial kompetanse**

## ***Kommunikasjon***

For oss kan kommunikasjon vere å formidle og å dele tankar og informasjon ved hjelp av munnleg eller skriftlig språk. Vi kan også bruke nonverbale ansiktsuttrykk, lyder, gestar og fakter.

Evne til kommunikasjon er nøkkel i opplæring og daglegliv. Evne til kommunikasjon gir grunnlag for god helse.

Vi øver på å uttrykke oss på ulikt vis. Trening av ord og begrep er viktig for nokre, mens andre treng meir hjelp til uttale eller setningsoppbygging og grammatikk.

Nokre bruker medier som e-post og Face book til å uttrykke seg og innhente informasjon. Vi tar tak i det som kvar og ein meistrar og bygger vidare på det.

## ***Meistring***

Å klare ei oppgåve, styrker sjølvbiletet og skaper motivasjon. Å meistre noko saman med andre, gir status og verdi. Meistring fører til glede.

I einetimar og gruppetimar legg vi til rette slik at alle kan lukkast med noko. Eit mål er at eleven lærer å meistre kvardagen og opplever livet sitt som meningsfylt.

Vi øver på å uttrykke kjensler, lytte, sette oss inn i andre sin situasjon. Vi fokuserer på haldningar, verdiar og normer.

Opplæringa skal gi sjølvtilitt og sjølvinnsikt og gjere det lettare å handtere stress og endringar.

### ***Engasjement***

Felles opplevingar fører til bygging av relasjonar, skaper fellesskap og trivsel. Her kan ein bli inspirert og la seg rive med. Når elevane deltar i små eller store grupper, opplever dei at dei deltar og kan påverke kvardagen. Alt dette er viktig for læring og utvikling.

For oss blir det viktig å finne interesser, som elevane har og dra læring ut frå det som dei er engasjerte i. Vi oppmuntrar og stimulerer til samtalar og diskusjonar. Nokre treng hjelp til å finne nye interesser som kan skape engasjement.

Forutsetningane er ulike. Alle skal få delta, bli sett og hørt. For nokre kan det handle om bruk av digitale hjelpemiddel, for andre å delta med å nynne til en song.

### ***Glede/latter***

Ein god latter er kjelde til glede for ein sjølv og andre. Latter og smil bidrar til trivsel og samhøyre og bidrar til positivt sjølvbilete.

Vi legg til rette for opplæring som inneheld humor og latter. Dette skal bidra til effektiv opplæring og til at elevane gler seg til undervisninga. Vi veit at humor har positiv betydning for helsa.

Det er viktig for oss å skape ein arena der elevane kjenner seg trygge til å gi av seg sjølve, både gjennom framføringar og i munnleg formidling i timane.

### ***Sosial kompetanse***

Sosial kompetanse er dugleik, kunnskap og haldningar som vi treng for å meistre ulike sosiale situasjonar.

Vi har fokus på empati og sosial åtferd; evne til å vise omsorg når andre har det vanskelig. Vi deler og hjelper kvarandre og øver på å følge reglar og beskjedar. Vi øver på å be om hjelp, kunne seie nei og stå for noko. Vi må kunne vente på tur og tilpasse oss fellesskapet.

## **RETTSLEG GRUNNLAG**

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring. Dette følgjer av opplæringslova § 4A-2 andre ledd.

Før det blir gjort vedtak om spesialundervisning, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering frå PP-tenesta. Dersom vedtaket vik av frå den sakkunnige vurderinga, skal kommunen utforme tilbodet i samarbeid med deg, leggje stor vekt på kva du meiner, og grunngi kvifor vedtaket i kommunen vik av frå den sakkunnige vurderinga. Dette følgjer av opplæringslova § 4A-2 jf. §§ 5-1, 5-3 og 5-4.

Når vedtak er gjort, skal det utarbeidast ein individuell opplæringsplan IOP. På slutten av skuleåret vert det utarbeidd ein årsrapport.

## **OPPLÆRINGSTILBODET**

### **Einetime:**

Opplæringstilbodet vil vere individuelt tilrettelagt. Det kan gjelde fagområde innanfor grunnskulen sitt område, eller / og ferdigheiter som har med syn, tale, hørsel og evne til kommunikasjon å gjere.

### **Gruppetime:**

Ferdigheiter, som nevnt over, øver vi også i mindre eller større grupper. Her øver vi på å ta ordet, framføre noko, osb. Det kan handle om t.d. norsk, matte, engelsk, samfunnsfag, naturfag, musikk. Vi har også tilbod om fysisk aktivitet; symjing og trim / dans. Vi legg opp til deling av erfaringar og interesser og omhandlar dagsaktuelle tema.

### **Møllehjul:**

Her står kommunikasjon, musikk, glede og engasjement i sentrum. Det blir oppmuntra til initiativ, spontanitet og bruk av språket. Vi vil fremme sosial utvikling og utvikle nye interesseområder og ikkje minst vedlikehalde kognitiv kunnskap og ferdigheiter. Aviser, lokale nyheiter og musikk blir brukt som utgangspunkt i det å fremme samtale og diskusjon. Dette utviklar kommunikasjonsevna til den enkelte og gir oppleving av å kunne bidra. Samstundes har brukarane ein arena der dei blir stimulerte til å komme med det som opptar dei, og få tilbakemelding på tankar og følelsar. Møllehjulet blir ein naturleg arena for å vise omsorg for kvarandre og utvikle sosial kompetanse.

## **Vaksenopplæringa har lokale ved Molvær senter**

### **Adresse:**

**Vaksenopplæringa i Sula Kommune  
Geilneset 29  
6030 LANGEVÅG**

### **Rektor:**

**Olav Groven Tlf: 70197942 / 91361952**

### **Lærarar:**

**Malin Stokke Strandman**

**Britt Janne Molvær Vik**

Søknadsskjema finn du på Sula kommune si heimeside.  
([www.sula.kommune.no](http://www.sula.kommune.no))

Sjå under: ( OPPLÆRING - SKULE - VAKSENOPLÆRING )